



MELAND KOMMUNE

Meland Byggevare AS
Vestbygdsvegen 56

5918 FREKHAUG

Dykkar ref.

Vår ref.

INM

Journalp.ID 13/15385

ArkivsakID 2012000253

Arkiv nr. GBNR-1/80, N-511

Dato 09.12.2013

AVVISING AV SØKNAD OM TILTAK PÅ GNR. 1 BNR. 80 - FLATØY

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Delegasjonsvedtak Plan, utbygging og kommunalteknikk	09.12.2013	INM	498/13

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	29.11.2011	SKARPENES BYGG AS	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK OPPGRADERING AV BUEINING 2 OG 3 ETG. PÅ GNR 1 BNR 80 PÅ FLATØY.
1	I	27.01.2012	Terje Flatøy	VS: PLANAR FOR UTBYGGING/RESTAURERING AV BYGG PÅ FLATØY, GNR 1 BNR 80.
2	I	27.01.2012	SKARPENES BYGG AS	VS:UTBYGGING PÅ GNR 1 BNR 80 - UTFYLLANDE DOKUMENTASJON.
3	U	30.01.2012	Terje Flatøy; SKARPENES BYGG AS	VEDRØRENDE BYGGETILTAK PÅ GNR 1 BNR 80
5	U	14.03.2012	SKARPENES BYGG AS	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 1 BNR 80.
6	U	14.05.2012	SKARPENES BYGG AS	SØKNAD OM FASADEENDRING, OPPGRADERING AV BUSTADER MV.
7	I	25.06.2012	Advokatpartner v/ Nina Kibsgaard	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR.
8	I	19.09.2012	Advokatpartner v/ Nina Kibsgaard	VEDK. MANGLER I SØKNAD.
9	U	26.09.2012	Torkildsen Tennøe & Co Advokatfirma Bergen AS	MANGLAR VED SØKNAD OM TILTAK PÅ NAUST, 2.ETASJE
10	U	22.10.2012	SKARPENES BYGG AS	VEDRØRENDE BYGGJESØKNAD PÅ GNR 1 BNR 80 - MANGLANDE SØKNAD OM DISPENSASJON
11	I	26.11.2012	Torkildsen Tennøe & Co Advokatfirma Bergen AS	VEDRØRANDE BYGGESØKNAD PÅ GNR 1 BNR 80.
12	I	20.03.2013	Meland Byggevare AS	VS: OPPGRADERING AV BUEINING PÅ GNR 1 BNR 80 - ENDRING AV ANSVARLEG SØKJAR.
13	I	30.04.2013	Sudmann Gård & Maskin v/Roar Sudmann	VS: FØRESPURNAD OM PÅGÅANDE BYGGJEARBEID PÅ GNR 1 BNR 80.

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks: 56 17 10 01
Bankkonto: 1503.18.83722
avd. 56 17 11 61

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

14	I	30.04.2013	Kjellfrid Sudmann og Johan Albert Sudmann	VS: UTFØRTE ARBEID PÅ GNR 1 BNR 1.
16	U	09.12.2013	Meland Byggevare AS	AVVISING AV SØKNAD OM TILTAK - GNR. 1, BNR. 80 FLATØY.

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om tiltak på eigedomen gnr. 1 bnr. 80 på Flatøy, stempla motteke 12.03.2012. Det er sendt inn to parallelle søknader, ein som gjeld 1. etasje (fasadeendringar), arkivsak nr 12/602 og ein som gjeld 2. etasje og loft og fasadeendringar, arkivsak nr. 12/253.

Dette vedtaket gjeld både for arkivsak nr. 12/253 og arkivsak nr. 12/602.

Vurdering:

Rettsleg grunnlag for avvising av søknad

Plan- og bygningslova § 21-2 første ledd, andre punktum slår fast at «[s]øknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi tillatelse til tiltaket». SAK 10 § 5-4 tredje ledd gjev ei oversikt over kva for opplysningar som må gjevast ved innsending av søknad.

Etter gjennomgang av søknadene oppdaga Meland kommune at søknadene var mangelfulle. Det blei derfor sendt ut brev datert 14.05.12 (med tilvising til brev frå kommunen datert 14.03.12 og 31.01.12), der kommunen etterlyste dokumentasjon, i tråd med forvaltningslova § 17 første ledd som krev at «[f]orvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes».

Meland kommune fekk brev frå Dykk motteke 25.06.12 og 19.09.12. Det blei ikkje lagt ved manglande dokumentasjon. Meland kommune sendte ut nytt mangelbrev den 26.09.12 der det vart vist til at manglar som vart påpeika i vårt brev av 14.05.12, framleis ikkje var retta.

Det blei haldt eit møte i saka 17.10.12. I brev datert 22.10.12 etterlyste Meland kommune manglande søknad om dispensasjon, med tilvising til vårt brev av 30.01.12.

Etter dette har Meland kommune motteke brev frå advokat Nina Kibsgaard datert 26.11.12 der det blir argumentert for at tiltaket ikkje er avhengig av dispensasjon, vedlagt noko av manglande dokumentasjon.

Meland kommune er likevel av den klare oppfatning at søknadene om tiltak på eigedomen gnr. 1 bnr. 80 framleis er mangelfulle, og ikkje oppfyller krava i plan- og bygningslova § 21-2 første ledd, andre punktum jfr. SAK10 § 5-4 tredje ledd.

Meland kommune vil også gjere dykk merksam på at ansvarleg søkjar har ansvar for å sjå til at søknad om løyve til tiltak er i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Dette følgjer av pbl § 23-4 jfr. SAK10 § 12-2. Ansvarleg søkjar har ikkje sett fram ein søknad i samsvar med krav i plan- og bygningslova.

Søknadene bli sett på i ein heilskap, og dette vedtaket gjeld derfor for begge sakene.

Konklusjon

Ettersom søknadene framleis er mangelfulle, blir søknadene avvist jfr. Plan- og bygningslova (pbl.) § 21-2 første ledd, jfr. Byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4 jfr. ikkje lovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.

VEDTAK

«Meland kommune avviser søknader motteke 12.03.12 jfr. Plan- og bygningslova (pbl.) § 21-2 første ledd, jfr. Byggesaksforskrifta (SAK10) § 5-4 jfr. ikkje lovfesta forvaltningsrettslege prinsipp.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester


Anny Bastesen
kommunalsjef



Ingrid Moe
Jurist / Konsulent byggjesak

Kopi til:

Advokatpartner v/ Nina Kibsgaard
Kjellfrid Sudmann og Johan Albert Sudmann
Terje Flatøy

Vedlegg: Notat, Informasjon og rettleing til ansvarleg søkjar og eigar

